

LANDBRUKSPLAN FOR GRANVIN HERAD

2004 – 2008

1. Innleiing	side 2
2. Status	side 3
2.1 Administrativ organisering	
2.2 Politisk organisering	
2.3 Fagmiljø i landbruksnæringa	
2.4 Statistikk	
2.5 Miljøomsyn i landbruksnæringa	
2.6 Infrastruktur	
3. Overordna føringar	side 10
4. Hovudmål	side 11
5. Hovudutfordringar	side 11
6. Tiltaksplan med frist for gjennomføring og ansvar	side 12
6.1 Næringsutvikling jordbruk	
6.2 Næringsutvikling skogbruk	
6.3 Næringsutvikling tilleggsnæringar	
6.4 Miljø- og kulturlandskap	
Vedlegg	side 15

1. Innleiing

Det som er godt for naboen er godt for meg!

Nasjonal landbrukspolitikk - Landbruk Pluss

Ein forsterka nærings- og eigedomspolitikk parallelt med effektivisering av norsk landbruk vert samla under omgrepet Landbruk Pluss. Det involverer samtlege politikkområde i Landbruksdepartementet. Målet med Landbruk Pluss er levande bygder med gode og moderne kår for både å leva og bu, marknadsretta produksjon av varer og tenester, auka demokratisering og overføring av mynde til regional og lokalt nivå innan landbrukspolitikken.

Overføring av oppgåver og mynde

Som hovudregel vert kommunane førsteinstans i handsaming av alle saker etter jordlova, konsesjonslova, odelslova og skoglova.

Viktige endringar er:

- ❑ Enklare lovverk
- ❑ Lettare å omsetja ubygd areal som er lagt ut til anna enn landbruks-, natur- og friluftsområde
- ❑ Landbrukseigedomar under 100 daa med inntil 20 daa fulldyrka areal vert konsesjonsfrie
- ❑ Lovverk meir positiv til brukar og føremålet med eit evt kjøp av eigedom
- ❑ Priskontroll i lovverk gjeld berre landbrukseigedomar
- ❑ Elles gjev lovverket kommunane stort slingringsmon til å praktisera lov i samsvar med lokale strategiar

For å kunne utvikla meir målretta landbrukspolitikk lokalt og regionalt, er det og frå 1. januar 2004 overført vedtaksmynde og råderett over økonomiske verkemiddel frå nasjonalt til regionalt nivå, og frå regionalt til lokalt nivå. Økonomiske verkemiddel som er overført til kommunane er SMIL (tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket med hovudvekt på å ivareta kulturlandskapet og tiltak for å redusera ureining) og NMSK (nærings- og miljøtilskot i skogbruket)

Den 23. april 2003 vedtok heradsstyret i Granvin at det skulle opprettast ein komite som skulle arbeida med ein landbruksplan for Granvin herad. Komiteen fekk slikt mandat: *”Koma med forslag til ein landbruksplan for Granvin herad i tråd med oppmoding frå Fylkesmannen i Hordaland. Komiteen skal ha det interkommunale perspektivet med seg.”*

Det er arbeid parallelt med både ein lokal og ein regional landbruksplan. Den lokale planen og arbeidet som er lagt ned lokalt, legg føringar og gjev innspel til den regionale planen. Arbeidet med den lokale og den regionale landbruksplanen vert begge slutført første halvdel av 2004. Under arbeidet med plan må nasjonal landbrukspolitikk og overføring av oppgåver og mynde til kommunane liggja til grunn.

Nokre spørsmål som naturleg høyrer til i ein landbruksplan vert tema i regional landbruksplan.

Døme på tema som kan vera aktuelle å utarbeida felles retningsliner for:

- Bu- og driveplikt
- Jordvern
- Konesjon
- Omdisponering og frådelling etter jordlova
- Økonomiske verkemiddel:
 - SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)
 - Nærings- og miljøtiltak i skog
 - Tilskot til skogplanlegging med miljøregistreringar

Granvin er ein liten kommune i Hardanger prega av landbruket som er ein av hovudnæringane i bygda. Kommunen har milde vintre, men klima varierer noko alt etter om ein er nede ved fjorden eller om ein tek turen opp til ein av fleire fjellgardar som finst her. Om lag 12 % av den totale sysselsettinga er i landbruket. Me har fleire verksemdar knytt til primærnæringa, Granvin Bruk AS og Gilde Vest BA. I tillegg har me Skogeigarlaget Vest lokalisert i Granvin. Trass i dette har me også i Granvin merka at drifta på fleire gardsbruk er lagt ned og at attgroinga er aukande. Verksemdene er avhengige av tilgang på råstoff, og Hardanger som eit reisemål i verdsområde er avhengige av landbruksdrifta både i høve frukt- og bærdrking og i høve eit ope og variert kulturlandskap. Landbruksnæringa er av stor betydning for busettinga i Granvin og distrikta elles. Av totalt 153 landbrukseigedomar i Granvin er det xx som søker produksjonstilskot.

Skogbruksnæringa i heradet har vore inne i ein periode prega av låg aktivitet.

Avverkingnivået har vore svært lågt i høve tilveksten på skogen. Sjølv om me har vestlandets største sagbruk i bygda, har ikkje aktiviteten på avverkingssida vore tilfredstillande. Det er i høve skogbruksplanen for heradet ein tilvekst på om lag 15 000 m³, mens hogsten dei siste åra har vore på knappe 1000 m³. Det er med andre ord rom for ei monaleg auke i hogsten i Granvin.

Tilleggsnæringar innan vidareforedling, vidareasal, reklameproduksjon, turisme, trearbeid m.m.

2. Status

2.1 Administrativ organisering

Landbrukskontoret i Granvin er organisert under eining for teknisk drift og næring. Kontoret består av:

Jordbrukssjef 50%

Skogbrukssjef 40%

Fagkonsulent jord 25%

Landbruksvikar 100%

2.2 Politisk organisering

Det er formannskapet som handsamar landbrukssaker i heradet.

2.3 Fag- og kompetansemiljø i landbruksnæringa

Granvin Bondelag

Granvin Skogeigarlag


Granvin Bygdekvinnelag

Skogeigarlaget Vest
Granvin Bruk AS
Gilde Vest
Forsøksringen Hordaland
Tine Meierier

Andre samarbeidspartar er:
Grendalag
Ungdomsrådet


2.4 Statistikk

Tal brukarar 1990 til 2004




Tal bruk som søker produksjonstilskot har gått ned frå over 80 bruk i 1990 til i overkant av 50 bruk i 2004. Dei fleste bruka som ikkje lenger søker produksjonstilskot er dei minste bruka, utan husdyrproduksjon eller med produksjon av sau.

Mjølkekvote i Granvin 2000 till 2004




Gjennomsnitt mjølkekvote pr einig 2000 til 2004




Trass nedgang i tal bruk som søker produksjonstilskot har den gjennomsnittlige mjølkekvote gått opp.

Utbetalt areal- og kulturlandskapstilskot 1999 - 2002




Utbetalt areal- og kulturlandskapstilskot har variert noko over tid, men har gått ned frå i overkant av 2000000 i 1999 til i underkant av 1400000 i 2002. Me ser tydeleg ein samanheng mellom tal bruk som søker produksjonstilskot og utbetalt areal- og kulturlandskapstilskot.

Arealbruk 2003



Grovforareal 2000 til 2003




I same periode som tal bruk som søker produksjonstilskot har gått ned, ser me same reduksjon i produksjon av grovfor.


År		2003
210	Fulldyrka jord	3 350
211	Overfld	514
212	Beite	498
213	Andre	4
272	Frukt	72
280-281	Bær	37
Sum		4 475

År	Grovfor	Søkjara	Potet	Søkjara	Frukt og Bær	Søkjara
2000	4611	65	22	14	119	16
2001	4801	67	20	12	98	15
2002	4504	57	19	11	118	14
2003	4347	49	17	11	109	11

Brukarar med sau i 2000 til 2003




Tal Storfe 2000 til 2003



Sjølv om mjølkekvotene på mjølkebruka har gått opp, ser me ein reduksjon av tal storfe. Det har vorte færre mjølkebruk. Mjølkebruka som er att har større produksjon enn tidlegare. Tal bruk med gris i Granvin er ikkje stort. Det er frå 2000 til 2003 redusert frå 3 til 2 bruk. Grisetalet er gått ned frå 447 til 114 i same periode, dvs ein reduksjon frå 149 gris pr eining til 57 gris pr eining.

År	2000	2001	2002	2003
Gris	447	429	151	114
Brukarar	3	2	2	2

Tal gris 2000 til 2003



1234 GRANVIN	Antall landbruks. eiend. i alt	Med minst 5 dekar jordbr	Med minst 25 dekar skog	Jordbr. areal i alt (daa)	Jordbr. areal disponert (daa)	Prod skogs- areal (daa)
0 - 4 daa	15	0	1	17	8	120
5 - 19 daa	25	25	10	313	71	1.550
20 - 49 daa	61	61	54	2.087	1.116	13.746
50 - 99 daa	40	40	38	2.668	2.335	10.440
100 - 199 daa	11	11	9	1.292	1.090	2.588
300 - 499 daa	1	1	0	300	14	0
Sum	153	138	112	6.677	4.634	28.444

Totalt skogareal:	71228 daa
Produktivt skogareal:	29512 daa
Total kubikkmasse:	337698 m ³
Gjennomsnittlig kubikkmasse pr daa:	11,4 m ³ /daa
Tilvekst hogstklasse 2:	0 m ³
Tilvekst hogstklasse 3 - 5:	14885 m ³
Tilvekst totalt:	14885 m ³
Gjennomsnittlig tilvekst/daa produktivt areal:	0,50 m ³ /daa
Gjennomsnittlig tilvekstprosent:	4,4 %
Produksjonsevne totalt:	18159 m ³
Produksjonsevne pr.daa:	0,62 m ³ /daa
Foreslått årlig hogstkvantum:	15000 m ³

Alle volumtal er bruttotal utan bark, det vil si de er ikkje redusert for topp og avfall.

2.5 Miljøomsyn i landbruksnæringa

Dei næringsdrivande i landbruket får stadig større krav i høve det å ta omsyn til miljøet,- både natur- og kulturmiljø og arbeidsmiljø.

Døme på krav som er sett:

Miljøplan

Miljøsertifisert tømmer

Skogbruksplan

KSL (kvalitetssikring i landbruket)

HMT (helse, miljø og tryggleik)

2.6 Infrastruktur

Kommunale vegar

Skogsvegar

Tilgang på vatn (beredskapsplan)

Straum (beredskapsplan)

Arrondering

I samband med kommunale vegar og flaskehalsar knytt til desse har det vore ein politisk komité som har arbeidd med dette. Det er gjort vedtak om:

- Det skal vera bruksklasse (bk) 10 på alle samlevegane og minimum bk 8 på tilkomstvegane. Der det vert opna for bk 8 bør det vurderast opprusting til 18,75 m vogntoglengde. All opprusting på vegnettet skal utførast i samsvar med teknisk beskriving for desse bruksklassane.
- Ved prioritering av kva kommunale vegar som skal rustast opp først, skal desse punkta leggest til grunn:
 - Fare for liv og helse skal prioriterast først
 - Samlevegane skal i utgangspunktet prioriterast framføre tilkomstvegane, men nytte i høve til kostnad skal likevel vera det førande i prioriteringa.

Ei gruppe har vore i arbeid og vurdert og grovt kostnadsrekna "flaskehalsar" i det kommunale vegnettet. Dei har kome fram til følgjande prioritering:

- Vegen opp til Folkedal – utbetra sving for å betra tilkomsten for vogntog 18,75 m. (2004)
- Åsane (utbetring av kurvatur) og Nestås (ny veg)
- Såkvitne (bru)
- Hamre (snuplass)

Ved straumbrot eller brot på tilførsel av vatn står, særskild dei med husdyr, i knipe. Syner til plan for beredskap i heradet der det m.a er lista kven som har straumaggregat.

3. Overordna føringar for utarbeiding av plan

Strategisk landbruksplan for Hordaland

Skogbruksplan for Hordaland

Regionalt utviklingsprogram (RUP)

Verneområda

Verna vassdrag

Rapport kartlegging av biologisk mangfald

Viltkartlegginga

4. Hovudmål

Landbruksplan for Granvin skal auka fokuset på landbruksnæringa og – eigedomane som ressurs for produksjon, kompetanse, trivnad og identitet for næringa sjølv og bygda.

Landbruket skal vera ein faktor for trivnad og identitet i lokalsamfunnet og ei drivkraft for næringsutvikling i Granvin.

5. Hovudutfordringar

Den største utfordringa landbruksnæringa står overfor er å skapa god økonomi i drifta. Elles er andre sentrale tema av stor tyding for all næringsverksemd knytt til landbruket:

- ❑ Nødvendig og god infrastruktur
- ❑ Motivere til samarbeidsformer

5.1 Jordbruk

Utvikla det faglege miljøet for utøvarane i næringa
Busetnad og drift på bruka
Overordna føringar frå staten om sterkare fokus på jordvern

5.2 Skogbruk

Halda på og utvikla miljøet for utøvarane i næringa
Halda oppe ein høg kvalitet på dei produktive skogareala.
Bioenergi.

5.3 Tilleggsnæringar

Motivere til auka nytting av dei ressursane som ligg til gardsbruka (vassressursar inkl kraftproduksjon, havbruk, skog og utmark, handverk, lokal foredling av råvarer etc)
Få fram gode og kreative tankar og idear.

5.4 Miljø- og kulturlandskap

Auka kunnskapen om verdiane i kulturlandskapet.
Beiteintensiteten som viktig faktor i høve kulturlandskap og attgroing.

6. Tiltak

Tiltak Granvin herad ynskjer gjennomføra ut frå dei måla som er sett:

Det må utarbeidast reglar for tildeling av økonomiske verkemiddel som er delegert til kommunane.

GH – Granvin herad

GB – Granvin bondelag

GS – Granvin skogeigarlag

SKV – Skogeigarlaget Vest

6.1 Jordbruk

Tiltaka er ikkje prioriterte

Tiltak	Ansvar for gjennomføring	Frist for gjennomføring
Etablera ”ku- og kaffiklubben”	GH, GB	2004
Støtte til kjøp av mjølkekvote	GH	
Motivere til tradisjonell stølsdrift	GH, GB	
Oppretthalda landbruksvikartenesta	GH	
Utarbeide retningslinjer for jordvern	GH	
Vidareføra kontakt med 10. klasse på skulen (yrkesrettleiing)	GB	Årleg
Etablera marknadsdagar/torgdag med utgangspunkt i landbruket	Faglag	Årleg
Kartlegga interessa for oppstart av Bygdaservice	GH, GB, GS	2004
Gjennomgang/styrking av funksjonar på landbrukskontoret	GH	2004
Oppretthalda kompetanse og rettleiingsteneste for bønder gjennom økonomisk støtte til Hordaland Forsøksring	GH	2004

6.2 Skogbruk

Tiltaka er ikkje prioriterte

Tiltak	Ansvar for gjennomføring	Frist for gjennomføring
Kurs/opplæring av ungdom/ynge gardbrukarar	GS, GH	Årleg
Ungskogprosjekt, planting og rydding av ungsog, med tilskot til skogreising	GH, GS	Årleg
Registrering av MIS (miljø i skogbruket)	SKV, GH	Innan 2005
Satsa på gode driftsveggar/traktorveggar	GH	
Oversiktsplan for skogvegbygging	GH	2004
Bygga opp lokale driftsapparat (t.d Lars S. Velken og Håvard Trå)	GS, SKV	
Faglege og sosiale tiltak som styrker skogbruksmiljøet	GS, GH	Årleg
Samordna nisjeproduksjon som pyntegrønt,	GH, GS	

laftetømmer, lauvskur osv		
Tilrettelegging av skog som friluft- og rekreasjonsområde	GH	

6.3 Tilleggsnæringar

Tiltaka er ikkje prioriterte

Tiltak	Ansvar for gjennomføring	Frist for gjennomføring
Skule/barnehage tilgang og kontakt med landbruket gjennom besøksgardar/Inn på tunet/Grønt samarbeid	Næringsdrivande i landbruksnæringa	
Tilrettelegging for kraftutbygging i kommunale planar	GH	Ved utarbeiding/rullering av planar
Tilrettelegging for havbruksnæring knytt til landbrukseigedomar inn i kommunale planar	GH	Ved utarbeiding/rullering av planar
Auka tilbodet av lokalprodusert og foredla kvalitets- og tradisjonsvarer	Næringsdrivande i landbruksnæringa	Kontinuerleg
Stimulere til etablering av ressursgrupper innan ulike tema (t.d nytting av vassressursar, utvikling og etablering av tilleggsnæring – frå ide til næring	GH, Faglag, Andre	Kontinuerleg
Betre nytting av ressursane i Granvinsvassdraget. Stimulere til samarbeidsformer	GH v/vilt- og innlandsfiskeremnda	2004
Tilrettelegging for turisme og hyttebygging knytt til landbrukseigedomar inn i kommunale planar	GH	Ved utarbeiding/rullering av planar
Satsa på bioenergi som alternativ til oppvarming		

6.4 Miljø- og kulturlandskap

Tiltaka er ikkje prioriterte

Tiltak	Ansvar for gjennomføring	Frist for gjennomføring
Kurs/aktivitetar knytt til stell og skjøtsel av kulturlandskapet	Granvin herad (evt samarb med andre kommunar i Hardanger)	Årleg
Beitenyttning/lokale tiltaksplanar på grendanivå	Næringsdrivande i landbruket, Grendene	

Tiltak som er gjennomført i Granvin dei siste åra:

- Yrkesrettleiing i skulen, årleg tiltak, Granvin Bondelag
- Motorsagkurs for ungdom
- Hogstkurs for ungdom
- Skogplanting, skjøtsel, avvirking
- Skogsvegbygging
- Arrangere skogdagar
- Landbruksdagar
- Info.møter/temamøter (t.d om samarbeidsformer)
- Kurs (jfr kurs i styving for 1 år sidan der det var 25 betalande deltakarar), auka kunnskap og stimulerer til aktivitet.
- Områdetakst
- Registrering/kartlegging av biologisk mangfald
- Vassbruksplan for Granvinsvassdraget

VEDLEGG:

REGIONAL STATISTIKK

Oversikt over tilskot til husdyr, areal/kulturlandskap og avløysing ved ferie og fritid, tal i millionar

Kommune/herad	2000	2001	2002	Sum nedgang	
1227 JONDAL	5,5	5,5	5,0		0,5
1228 ODDA	5,3	5,4	5,2		0,1
1231 ULLENSVANG	10,5	10,6	10,8		-0,3
1232 EIDFJORD	2,5	2,6	2,5		0,1
1233 ULVIK	5,6	5,6	5,2		0,3
1234 GRANVIN	4,5	4,5	4,1		0,4

Søkjarar med ulike produksjonar pr 22.10.2003 (Periode: 020310)

	Søkarar i alt	Med husdyr produksjon	Med plante produksjon	Med økologisk produksjon	Med for i fjellet	Med sal av for	Med sæterdrift
Kommune/herad							
1227 JONDAL	64	56	63	0	0	1	1
1228 ODDA	87	79	87	1	12	9	6
1231 ULLENSVANG	297	112	297	2	0	2	0
1232 EIDFJORD	34	29	34	1	5	4	1
1233 ULVIK	74	63	74	3	2	2	1
1234 GRANVIN	60	53	58	1	4	7	0
	616	392	613	8	23	25	9

Oversikt over landbrukseigedomar fordelt etter jordbruks- og skogbruksareal.

1227 JONDAL	Antall landbruks. eiend. i alt	Med minst 5 dekar jordbr	Med minst 25 dekar skog	Jordbr. areal i alt (daa)	Jordbr. areal disponert (daa)	Prod skogs- areal (daa)
0 - 4 daa	31	0	6	67	48	1.212
5 - 19 daa	88	88	63	1.033	400	9.988
20 - 49 daa	42	42	37	1.345	1.009	12.045
50 - 99 daa	29	29	28	1.877	1.775	11.172
100 - 199 daa	11	11	11	1.409	1.410	4.913
Sum	201	170	145	5.731	4.642	39.330
1228 ODDA	Antall landbruks . eiend. i alt	Med minst 5 dekar jordbr	Med minst 25 dekar skog	Jordbr. areal i alt (daa)	Jordbr. areal disponert (daa)	Prod skogs- areal (daa)
0 - 4 daa	30	0	5	16	15	1.832
5 - 19 daa	64	64	33	807	361	4.267
20 - 49 daa	94	94	63	3.059	2.227	14.181
50 - 99 daa	38	38	33	2.367	2.165	10.282
100 - 199 daa	3	3	1	476	281	150
Sum	229	199	135	6.725	5.049	30.712
1231 ULLENS- VANG	Antall landbruks. eiend. i alt	Med minst 5 dekar jordbr	Med minst 25 dekar skog	Jordbr. areal i alt (daa)	Jordbr. areal disponert (daa)	Prod skogs- areal (daa)
0 - 4 daa	21	0	6	25	9	1.783
5 - 19 daa	103	103	60	1.345	700	9.584
20 - 49 daa	195	195	183	6.453	5.767	37.190
50 - 99 daa	97	97	96	6.238	5.980	32.761
100 - 199 daa	8	8	6	1.014	908	1.445
200 - 299 daa	2	2	1	459	459	556
Sum	426	405	352	15.534	13.823	83.319
1232 EIDFJORD	Antall landbruks. eiend. i alt	Med minst 5 dekar jordbr	Med minst 25 dekar	Jordbr. areal i alt (daa)	Jordbr. areal disponert (daa)	Prod skogs- areal (daa)

			skog			
0 - 4 daa	9	0	2	5	2	70
5 - 19 daa	45	45	12	550	190	2.186
20 - 49 daa	61	61	21	1.954	1.251	4.536
50 - 99 daa	16	16	9	1.129	920	1.522
100 - 199 daa	1	1	0	103	103	0
300 - 499 daa	1	1	0	370	0	0
Sum	133	124	44	4.111	2.466	8.314
1233 ULVIK	Antall landbruks. eiend. i alt	Med minst 5 dekar jordbr	Med minst 25 dekar skog	Jordbr. areal i alt (daa)	Jordbr. areal disponert (daa)	Prod skogsareal (daa)
0 - 4 daa	17	0	7	6	2	1.186
5 - 19 daa	39	39	11	517	190	1.622
20 - 49 daa	44	44	31	1.471	931	9.071
50 - 99 daa	56	56	50	3.923	3.399	14.953
100 - 199 daa	12	12	10	1.477	1.196	3.656
200 - 299 daa	2	2	0	501	501	0
Sum	170	153	109	7.895	6.219	30.488
1234 GRANVIN	Antall landbruks. eiend. i alt	Med minst 5 dekar jordbr	Med minst 25 dekar skog	Jordbr. areal i alt (daa)	Jordbr. areal disponert (daa)	Prod skogsareal (daa)
0 - 4 daa	15	0	1	17	8	120
5 - 19 daa	25	25	10	313	71	1.550
20 - 49 daa	61	61	54	2.087	1.116	13.746
50 - 99 daa	40	40	38	2.668	2.335	10.440
100 - 199 daa	11	11	9	1.292	1.090	2.588
300 - 499 daa	1	1	0	300	14	0
Sum	153	138	112	6.677	4.634	28.444

SKAS - Aktivitet oversikt fordelt geografisk, rekneskapsår: 2002

Kommune	Grøfting (daa) SUM	Gjødsling (daa) SUM	Forarbeid (daa) SUM	Markbered (daa) SUM	Planting Nyanlegg (stk) SUM	Supplering (stk) SUM	Etterarbeid (daa) SUM	Avvirket (kbn) SUM
1227 JONDAL	0	0	8	0	4.325	0	46	1.435
1228 ODDA	0	3	8	0	2.000	0	8	176
1231 ULLENSVANG	0	0	18	0	6.000	3.000	239	1.261
1232 EIDFJORD	0	0	0	0	0	700	0	0
1233 ULVIK	0	0	0	0	7.500	0	26	1.627
1234 GRANVIN	0	0	0	0	4.100	0	13	700
Sum	0	3	34	0	23925	3700	332	5199